

## ARBEIDSPROGRAM 2017-2018 for Bergen ungdomslag Ervingen

### **Rekruttering og marknadsføring**

I ein frivillig organisasjon som Bergen ungdomslag Ervingen er det ei heilt sentral oppgåve å jobba med rekruttering. Det er naudsynt for laget å ha ein stor medlemsmasse. Talet på faste aktivitetar ein kan halda fram med, og både tradisjonelle og nye tilskipingar ein kan gjennomføra, heng saman med kor mange betalande medlemmer laget har, og kor mange aktive medlemmer me har, som stiller på både øvingar og dugnadsarbeid. I komande periode ynskjer difor styret å ha eit ekstra stort fokus på rekruttering og marknadsføring.